


Orkankast i Uskedalen også denne gongen

06.01.2008



Dette er dokumentasjonen på at det var orkankast i Uskedalen også natt til laurdag. Den raude fargen markerer vindkast.

Også under stormen denne gongen var det orkankast i Uskedalen, fortel tal og grafar frå verstasjonen til Knut Johannes Ripel i Myro. Det kraftigste orkankastet var i halv ni-tida om kvelden fredag 4. januar og det var på nesten 40 meter i sekundet. Kastet kom frå søraust – altså ned dalen, fortel Ripel til uskedalen.no.

Orkan blir definert som vind med middelstyrke over 32,6 meter i sekundet (63 knop eller 117,36 kilometer i timen) over ein periode på minst 10 minutter. Då dei kraftigste orkankasta kom denne gongen bles det liten storm i Uskedalen (frå 20,8 til 24,4 meter i sekundet).

Knut Johannes har verstasjonen montert på taket og førre gongen den registrerte harde orkankast var under stormen i januar i fjor då vindstyrken var heilt oppe i 46 meter i sekundet natt til søndag 14. januar.

Ripel, som er servicemann i Nordsjøen, presiserar at han ikkje er nokon profesjonell verobservatør. Men verstasjonen han har kjøpt for mellom 3000 og 4000 kroner og montert på taket sitt i Myro gjev eksakt informasjon om både vind, regn, fuktigheit og temperatur overført til pc-en hans.

Utstyret sender informasjon om dei registrerte data kvart femte minutt. Ripel er vant til kraftige vindkast – på Gullfaks har han opplevd 109 knop!

Av Ola Matti Mathisen



Knut Johannes Ripel har verstasjon på taket. (Foto: Ola Matti Mathisen)